

Årsmelding Sirdal bygdekvinnelag 2019

Bygdekvinnelaget har 22 medlemmar, som er det same som i fjor. Nå er det mogleg å vera støttemedlem, der ein ikkje har røysterett, men held oppe medlemstalet. I 2019 og 2020 er det ei prøveordning med at medlem under 30 år betalar halv pris for medlemskapet.

Kontingenent for 2018 er kr. 675,-, der kr. 550,- går til NBK og kr. 125,- til fylkeslaget. Lokallaget sponsar kr. 100,- per medlem om ein sjølv bed om det.

Styret 2019:

Leiar: Solveig Marie Ådneram (eitt år att)

Nestleiar: Tone Østtvit Kvien (på val)

Sekretær: Åse-Berit Fidjeland (på val)

Studieleiar: Helin Morel (eitt år att)

Kasserar: Anita Haugen (på val)

1. vara: Siri Fidjeland - møter fast på styremøta (på val)

2. vara: Eva Marianne Tennfjord (på val)

Valkomité: May Britt Ousdal og Karine Tjørhom Myhra (på val)

Revisor: Anne Mette Hovland (på val)

Aktivitetar og arrangement:

Styret hadde konstitueringsmøte 12.11.18, og har hatt seks (6) styremøte i løpet av året, der dei største arrangementa var temakveld om inkludering v/Sosan Asgari Mollestad på Tonstad og basar saman med Sirdal skilag.

- 28/11: Julesamling med Sirdal bondelag sju (7) deltakarar, der seks var SBK-medlemmar og ein person medlem begge stader (medlem)
- 5/12: Persesyltekurs på Tjørhom grendehus der ni (9) personar, derav ein mann, deltok (medlemsarrangement)
- 22/1: Temamøte om inkludering med Sosan Asgari Mollestad med 50 frammøtte og mykje god eritreisk og filippinsk mat (ope møte med spesiell invitasjon til politikarane i Sirdal)
- 26/1: "Georgs magiske medisin" (10 barn, foreldre og besteforeldre)
- 15/2: Truetur til Slottet m/fem (5) frammøtte (ope arrangement)
- 26/3: Sonemøte i Hovsherad om "Bygdekinner og matglede" der tre (3) frå styret i deltok
- 28/3: Sofiekakebakekurs v/Gunnbjørg Myhre (seks medlemmer)
- 29/3: Basar der inntekta vart delt med Sirdal skilag, dvs. 20 000,- til kvart lag. I tillegg kjøper SBK ein lysstolpe à kr. 5 000,- (ope arrangement)
- 15/5: Blometur med omvising inne og ute på Øksnevad vgs. for fire (4) personar og ei bygdejente (medlemsarrangement)
- 27/6: Sommaravslutning på Smak i Sirdal for sju (7) personar (fire medlemmar og tre ikkje-medlemmar/5 damer og to menn - ope)

- 20/9: Redesignkurs v/Monica Herredsvela med ni (9) deltagarar og ein observatør (ope arrangement)
- 29/10: Refleksjakt på Sinnes skule med 52 deltagarar, dvs. 37 barn og 15 vaksne inkludert Nullvisjonen og politiet

Tradisjonen tru arrangerte Sirdal bygdekinnelag "Peparkakebygda" saman med biblioteket, dvs. for femte gong, der det kom inn femten (15) bidrag, som året før. **Lesesirkelen** har fått eitt nytt medlem, medan eit par har hatt permisjon i delar av året, men det er stort sett fem-seks damer som møtest om lag ein måndag i månaden på biblioteket for å diskutera den boka me har lese sidan sist. I 2019 såg nokre av dei Riksteateret si oppsetning "Fuglane" i Egersund 13. mars og var på "Ingen tid å miste" med Tore Renberg på Sandnes 1. oktober. Bygdekinnelaget har delt ut ti (10) velkomsthelsingar, blom og informasjonsskriv, til nye innbuarar, og vil gjerne ha tips så snart nokon flyttar til bygda.

Bygdekinnelaget var ein av dei som nominerte Tore Kvæven til kommunen sin kulturpris, som han fekk. Det vart inga deltaking på Energifestivalen på Tonstad i år, og det det året rabarbraen vaks som aldri før... Me vann ikkje konkurransen om mest aktiv heimeside, men har ei av dei mest aktive i Rogaland, så kikk innom av og til. Elles blir det ofte lagt ut informasjon og påminningar på Facebook-sida.

Bli kjend i bygda-turane vert offentleggjorde der, og i år har ein blitt kjend på Ousdal (ni kvinner), Tjørhom (topptur for tre kvinner), Fidjeland (kulturtur med fem jenter), Totland (historisk tur for fire kvinner) og Virak m/Skogestad for fem jenter. Desse turane er opne, og held fram neste år!

Det vart nokre færre aktivitetar enn planlagt i år, for juletrebrenning med juletrekastekonkurranse blåste bort, og tur til Kvinen og aktivitetsdag regna bort, men dei som har møtt opp på aktivitetar i løpet av året, har kost seg.

Solveig Marie Ådneram er 2. varamedlem i styret i RBK og har vore med i ei arbeidsgruppe som har revidert organisasjonshandboka. SBK var representert på leiarsamling (24.11.18) med Solveig Marie Ådneram, Siri Fidjeland og Eva Marianne Tennfjord. Solveig Marie Ådneram og Tone Østtveit Kvinen var delegatar på fylkesårsmøtet på Bryne 22.-23. mars 2019, og Siri og Åse-Berit Fidjeland deltek på inspirasjonsseminaret i Trondheim 8.-10. november.

Minst to medlem i styret for 2019/2020 blir meldt på organisasjonskurset til RBK på Forus 22.-23. november, saman med Solveig Marie som skal ha eit innlegg. Alle medlemmer kan melda seg på slike kurs.

Fidjeland 21.10.19, Åse-Berit Fidjeland (skrivar)